

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018

Benthe Bondhus, Sp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til rapporten sine framlegg til strategi for tiltak på vegnettet for å understøtte satsinga i fylket på reiseliv.
2. Utfordringane på vegnettet som følger i kjølvatnet av auka tilstrøyming av turistar, må løysast både planmessig, finansielt og organisatorisk i eit samarbeid mellom statlege styresmakter, kommunane og næringslivet. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å ta eit initiativ ovanfor relevante aktørar med sikte på å gjennomføre følgjande tre tiltak av særleg viktigkeit for reiselivet:
 - a) Plan for rastepllassar og toalett
 - b) Prosjekt for fornying av skilt og innføring av private skilt til næringsverksemder i Hardanger
 - c) Utsiktsrydding på sentrale plassar.
3. Situasjonen ved Bu i Hardanger må løysast før turistsesongen set inn, og fylkesutvalet oppmodar til eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Statens Vegvesen og Ullensvang herad for å finne ei løysing på kort og på lengre sikt.
4. Prioritering av tiltak skjer gjennom årlege rulleringar av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 2 b):

Endre Hardanger til Hordaland.

Alternativ til punkt 3:

Situasjonen ved Bu i Hardanger er eit godt døme på kor dårlig det står til på mange av dei store og populære rasteplassane i fylket. Der det er slike høve, må desse løysast før turistsesongen. Statens vegvesen må finna løysingar på kort og på lang sikt.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 4:

Situasjonen ved Bu i Hardanger må løysast før turistsesongen set inn, og fylkesutvalet oppmodar til eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Statens Vegvesen, Hardangerrådet og Ullensvang herad for å finne ei løysing på kort og på lengre sikt.»

Røysting

Stenseide sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Stenseide sitt forslag punkt 2b fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Innstillinga og Bondhus punkt 3 vart ikkje røysta over.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til rapporten sine framlegg til strategi for tiltak på vegnettet for å understøtte satsinga i fylket på reiseliv.
2. Utfordringane på vegnettet som følgjer i kjølvatnet av auka tilstrøyming av turistar, må løysast både planmessig, finansielt og organisatorisk i eit samarbeid mellom statlege styresmakter, kommunane og næringslivet. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å ta eit initiativ ovanfor relevante aktørar med sikte på å gjennomføre følgjande tre tiltak av særleg viktigkeit for reiselivet:
 - a) Plan for rastepllassar og toalett
 - b) Prosjekt for fornying av skilt og innføring av private skilt til næringsverksemder i Hardanger
 - c) Utsiktsrydding på sentrale plassar.
3. Situasjonen ved Bu i Hardanger må løysast før turistsesongen set inn, og fylkesutvalet oppmodar til eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Statens Vegvesen, Hardangerrådet og Ullensvang herad for å finne ei løysing på kort og på lengre sikt.
4. Prioritering av tiltak skjer gjennom årlege rulleringar av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.